

V E T R A T J Ø R N A

Analysen vart foreteken den 24. august 1971.

Vatnet ligg i Suldal kommune, med Slettedalen i aust og Øystølmutane i sør-vest, i ei høgd av 975 m o.h.

Arealet er omlag 23 ha.

Vatnet er grunt over det heile, og har neppe nokon stad djupne over ca. 10m, utan at dette er målt.

Stranda består for det meste av stein, men og noko sandstrand sume stader, som går over til gjørme mot djupet.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Det er ein sparsam vegetasjon ein vil finna i vatnet, men div. mosearter veks ymse stader.

Nedslagsfeltet består av snaumark og fjell, der gneis og granitt dominerar.

Hovudtilsaget fell inn i vest og kjem frå div. mindre tjern. Vidare fell der inn eit litt større bekketilsig på sørsida.

Avlaupet renn ut i aust "Littlestølsåna" og vidare om Hamrabe ut i Suldalsvatnet.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet i vatnet er ganske stort og ein kan på det næraste sjå botn over alt.

Vassfargen er blålig og indikerar eit oligotrof eller næringsfattig vatn.

Surheita pH er målt til 5.0 som neppe er brukbart for yngel og småfisk.

Innhaldet av kalk (CaO) er 0.3 mg/l og den totale hardheita 0.5 mg/l. Dette er lågaste kalkinnhaldet som er målt til denne tid, om ein samanliknar med tidlegare analyserte vatn.

Leiingsemna $K_{18} = 6.7 \times 10^{-6} \text{ ohm}^{-1} \text{ cm}^{-1}$.

Gjennomstrøyminga er normalt liten.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0 og 4.0 m djup og ein kom til fylgjande resultat:

På 2.0 m vart det funne 24 fjærmygglarver eller samla 240 individ pr. m².

4,0 meteren gav som resultat 4 fåbørstemark, 1 fjærmyggglarve og 1 linsekreps - ialt 60 individ pr. m².

Samla resultat syner at der er særst lite med botndyr i vatnet.

Vi skulle nå hatt med resultatata av mageprøvene, men då det ikkje lukkast å få fisk, fell desse prøvene bort.

Planktontrekk.

Det vart teke eit horisontalt planktontrekk med planktonhov og ein kom til fylgjande resultat:

Fisk m.v.

Ein sette ut 7 garn av ymse maskestørleik men det lukkast ikkje å få ein einaste fisk. Det er såleis grunn til å tru at vatnet er fisketomt, sjølv om der tidlegare, etter det vi har fått opplyst har vore utsett yngel i Vetratjørna.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene kan vi slå fast, at Vetratjørna er mykje næringsfattig og vatnet surt.

Dei harde bergartene i nedslagsfeltet og det grunne jordsmonnet ein der vil finna, er ikkje i stand til å nøytralisere den sure nedbøren, og fylgjeleg går det galt.

Sjå elles det som er skrivi i konklusjonen for Øyvatnet.

Prektiske tiltak.

Dei tiltaka som er føreslegne for Øyvatnet må bli dei same for Vetratjørna, men her må ein redusere antallet settefisk til f.eks. 75 fisk pr. år, over ein 3 - års periode.

Stavanger 12/2 1972

Einar Berg